

Rune skal hjelpe lokale og nasjonale bedrifter med smart energibruk

Bedrifter står for store delar av det totale energiforbruket i Norge og skal vi løyse straumkrise og nå klimamåla, må vi energieffektivisere. Derfor har vi styrka vårt bedriftsteam, og tilsett Rune Jelle-Slenes.

I Wattn vil han hjelpe bedriftskundene med rådgiving innan smart energibruk og ha ei sentral rolle inn mot miljøprogrammet, Energiarena. Rune kjem frå Enøk-senteret der han har fleire år med erfaring som seniorrådgivar for energi og miljø.

- Eg gleder meg til å fortsette å hjelpe bedrifter i arbeidet med energieffektivisering, og ikkje minst vere ein del av dette laget. Det er ikkje lenge til den første samlinga mi i Energiarena, noko eg ser frem til, seier Rune Jelle-Slenes.

Rune vil tilføre bedriftsteamet verdifull kompetanse og erfaring frå blant anna energileiing, ENØK-rådgiving, energimerking og «Breem In-Use sertifisering» av bygg, energiovervaking, klimagassrekneskap og LCA berekningar.

- Det er flott å ha fått Rune med på laget. Kompetansen han kjem med gjer at vi no kan tilby bedrifter ei komplett løysing på smart energibruk innan energiovervaking og automasjon, kraftforvaltning og marknadsrådgiving, berekraft og ENØK, seier Camilla Blom, leiar for bedrift i Wattn.

Om Wattn

Straumselskapet Wattn er skapt og eigd av TAFJORD, Sogn og Fjordane Energi, Tussa og Sognekraft.

Vi tilbyr framtidretta produkt og tenester med fokus på smart teknologi og berekraft. Gjennom gode løysingar ønsker vi å gi kundane betre innsikt og kontroll over kostnader og forbruk. Wattn har 50 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Florø, Ørsta, Stryn, Vik i Sogn og Kvinnherad.

Kontaktinformasjon:

Camilla Blom, leiar bedrift

Telefon: 415 97 705

E-post: camilla.blom@wattn.no

Elin Hessen, pressekontakt

Telefon: 982 16 270

E-post: elin.hessen@wattn.no